



Interkommunalt
politisk råd

Nord-Gudbrandsdal

SKJÅK LOM VÅGÅ SEL DOVRE LESJA

Årsmelding 2022



Innhold

1. Forord	3
2. Arbeidsplassar	4
2.1. Næringsamarbeid i Nord Gudbrandsdalen	4
2.2. Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal	5
2.3. Smart velferdsregion	9
2.4. Flaumrespons	12
2.5. Gudbrandsdalstinget	13
2.6. Oppfølging av Hurdalsplattformen	16
2.7. Økonomisk støtte til kultur- og naturbasert næringsutvikling 2022	17
3. Kommunikasjon og infrastruktur	18
3.1. Nasjonal Transportplan 2025-2036 - Transportutfordringar i Innlandet	18
3.2. Luftfart	20
3.3. Status breiband Nord-Gudbrandsdalen 2022	23
4. Attraktivitet	25
4.1. Boligtorget Nord-Gudbrandsdal	25
4.2. Stillingssleppet og Lærlingssleppet 2022	26
4.3. Ung i Nasjonalparkriket	28
4.4. Elevbedriftsmesse	28
4.5. Kokkekamp	31
4.6. «E æ aktiv, æ du?»	32
4.7. Ungdomsmusikal i Nord-Gudbrandsdal	33
4.8. Ungdomsrådsamling Nord-Gudbrandsdal 2022	34
4.9. Medlemskap i nettverk	35
4.10. Karriere Innlandet Gudbrandsdal	36
5. Regionalt samarbeid	39
5.1. Administrative samarbeidsorgan	39
5.2. Interkommunalt samarbeid i Nord-Gudbrandsdal	40
6. Økonomiske nøkkeltal	41
6.1. Økonomi og personell	41
6.2. Partnerskapsmidlar	42
7. Råd og utval	43
7.1. Representantskapet	43
7.2. Regionstyret pr 31.12.22	44
7.3. Samferdselsutvalet 2019-2023	44
7.4. Næringsutvalet 2019-2023	44
8. Saker og møter	45
8.1. Saker i representantskapet	45
8.2. Saker i Regionstyret	46
8.3. Saker i samferdselsutvalet 2022	46

1. Forord

Situasjonen omkring Covid19 har lært oss å setja pris på den sosiale omgangen med kollegaer og samarbeidspartnarar. Vi har i 2022 normalisert samhandlingsmønsteret vårt i stor grad, men vi har også lært at mange oppgåver kan løysast gjennom digitale verktøy. Både administrative og politiske møter kan gjennomførast digitalt, men kommunikasjon handlar ikkje berre om skrift og tale.

Kroppsspråk er for dei fleste av oss ein viktig del av kommunikasjonen. I det heile har dei siste åra gjeve oss nye måtar å samhandle på i rekordfart. Nye verktøy har kome inn i kvardagen, men gløym ikkje verdien av å bruke fysiske møteplassar og oppretthalde sosial omgang.

Av større politiske saker som har hatt fokus i meldingsåret er:

- NTP 2022-2033
- Innspel til Justis- og beredskapsdepartementet om betre polititenester og beredskap, høyring på endringar i domstolstruktur
- Tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring i Innlandet skoleåret 2023-2024
- Strategi for fleksibel høgare utdanning i Innlandet
- Handlingsplan for fylkeskommuna sin kollektivtransport 2023-2026
- Innspel til konkretisering av fylkestinget sitt vedtak om regional tilgjengeleight og nærvær.
- Nord-Gudbrandsdal som pilot for bygdevekstavtale
- Høyringsuttale - Regional plan for det inkluderande Innlandet

Av prosjekt er Universitetsregionprosjektet med Velferdsteknologi og Flomrespons dei mest omfattande.

Takk til Innlandet fylkeskommune, Statsforvalteren i Innlandet og kommunane for godt samarbeid i driftsåret 2022. Dette har vore viktig for at vi kan seie oss godt nøgd med resultata.

Regionrådsleiaren og dagleg leiar håpar at årsmeldinga gjev eit godt inntrykk av aktiviteten.

Bjarne Eiolf Holø
Regionrådsleiar

Frode Damstuen
Dagleg leiar

2. Arbeidsplassar

2.1. Næringsamarbeid i Nord Gudbrandsdalen

Næringsapparatet i Nord Gudbrandsdalen har eit tettare samarbeid på tvers av kommunegrensene innanfor næringsutvikling og bulyst/tilflytting.


Den overordna målsettinga er å styrke Nord-Gudbrandsdalen som ein attraktiv tilflyttungsregion og eit attraktivt etableringsområde for både eksisterande og nye bedrifter. Dette vil vi gjere gjennom å styrke arbeidet knytt til næring og tilflytting basert på eit meir utstrakt, forpliktande og målretta samarbeid.

Nord-Gudbrandsdalen er eit stort geografisk område som strekkjer seg frå Otta og innover to ulike dalstrøk. Det er derfor lett at næringsansvarleg i kvar kommune blir drege inn i interne prosjekt og at det blir arbeidd for lite på tvers av kommunegrenser. Samarbeidet inkluderer også regionadministrasjonen.

Statistikken viser at Nord-Gudbrandsdalen fungerer som ein felles arbeids- og bustadsregion, sjølv om det er delt inn i seks

kommunar og det går eit skille mellom dei to dalstrøka. Vår region er ein utkant i det nye Innlandet og dette har forsterka behovet for å tenkje nytt innanfor næring- og samfunnsutvikling. Det har forsvunne særsmale arbeidsplassar frå regionen i seinare tid, mellom anna nedlegging av slakteriet på Otta og psykiatrisk avdeling. Nord-Gudbrandsdalen scorar allereie dårlig på nasjonale statistikkar, og befolkningstala/sysselsettingstala går nedover. Vi ser at konkurransen om merksemd i både næringsetablering og tilflytting er stor, og vår region blir sterkt prega av både sentralisering og fråflytting.

Arbeidet er i skrivande stund godt i gjenge der næringsmedarbeidarane i kommunane er viktige ressursar for å gjennomføre tiltak som er vedteke i regionrådets strategiplan.



2.2. Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal

Prosjektet starta opp sommaren 2019 med varigheit ut 2023. Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal (UR) har prosjektleiar i full stilling og er finansiert av avsette middel i Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal (IPR) og tilskot frå Innlandet fylkeskommune. Regionstyret supplert med ein politisk representant frå fylkeskommunen utgjer styringsgruppa. Til grunn for arbeidet ligg ein fleirårleg strategiplan og årleg handlingsplan. Det overordna perspektivet bak Universitetsregion-prosjektet om styrka innovasjonstrykk i komunesektoren i regionen er òg lagt til grunn for IPR sin strategiplan og årlege handlingsplan. Delprosjekt Smart velferdsregion og Flomrespons er skilt ut med eigne prosjektleiarar, eiga styringsline og eiga finansiering.

Føresetnader for innovasjon

Innovasjonskultur må vere eit kjenneteikn i heile kommune-organisasjonen - frå administrativ og politisk leiing ut til medarbeidarane i førstelina. Som i andre organisasjonar erfarer våre kommunar at det tek tid å bygge denne kulturen og å få på plass ein struktur for innovasjon med naudsynt organisatorisk og metodisk kompetanse. I 2022 har det i dialogen mellom prosjektleiaren og kommune-direktørane difor vore fokus på at målsettingar for og prioritering av innovasjonsarbeidet må vere synleg i overordna plandokument - planstrategien, samfunnsplanen, økonomiplanen og i ulike temaplanar. Dette vil òg sikre god involvering av politikarane.

Gode resultat og gevinstar i Innovasjonsarbeid føreset at ein kjenner metodikken og arbeider systematisk. I september starta vi eit skreddarsydd kurs i innovasjonsarbeid med 21 deltarar frå Lom, Vågå og Lesja.

Kurset er finansiert av skjønnsmiddel frå Statsforvaltaren i Innlandet. Innoco AS fekk tildelt kontrakten for kurset etter ein open konkurranse. Kurset er ein kombinasjon av 5 dagsamlingar og

mellomliggjande gruppearbeid i kvar kommune, med tilbod om digital rettleiing frå Innoco.

Deltakarane arbeider med konkrete behov og utviklingsoppgåver i eigen kommune. Kurset blir avslutta i februar 2023. Kommunane Lom, Vågå, Sel og Lesja vil söke nye skjønnsmiddel i 2023 for eit kurs nr. 2.



I innovasjonskurset får deltararne arbeide med reelle utviklingsoppgåver i eigen kommune

Det kan vere krevjande å prioritere økonomi til utviklingsarbeid i budsjett og økonomiplan. Difor trengs det ofte eksterne middel. Det er mykje pengar å hente i verkemiddelapparatet, men det må til ei prioritering av tidsressurs og bygging av kompetanse i administrasjonen for å gjere seg nytte av moglegheitene. Søknads- og rapporteringskrava føreset bygging av kompetanse hos tilsette tett på administrativ leiing i kommunen.

Nettverk og samarbeidspartnarar

Nettverket av universitetskommunar – UNIKOM - tel 16 ulike prosjekt med til saman vel 40 kommunar. I Innlandet er Gjøvik kommune og Kongsvinger kommune med i tillegg til oss. Nettverket gjev moglegheiter for spreiling av kunnskap, erfaringar og idéar mellom prosjekta. Prosjektleiar for Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal sit i ei arbeidsgruppe i UNIKOM som arbeider for at dei nasjonale vilkåra for strategisk satsing på innovasjon i kommunesektoren skal bli betre. Mellom anna trengs det betre samordning i ein uoversiktleg flora av verkemiddel og utviklingsprogram. Forsking i kommunal sektor må i større grad bli forsking *med*, og ikkje *på* kommunane. Kommunane må få meir frie utviklingsmiddel, og rapporteringskrava må bli mindre arbeidskrevjande. Arbeidsgruppa har etablert god dialog med KS, Kommunal- og distriktsdepartementet og Norges Forskningsråd.

Døme på sentrale samarbeidspartnarar elles er Innlandet fylkeskommune, Statsforvaltaren, NTNU, HINN og ikkje minst helsenettverket HelseINN, der IPR dekker årskontingenoten for våre 6 kommunar. Gjennom HelseINN får UR og Smart velferdsregion tilgang på ressurssterke verksemder i offentleg og privat sektor. Samstundes har HelseINN mykje kompetanse i eigne rekker innan innovasjon, prosjektutvikling, prosessleiring og søknadsskriving. Vi har i 2022 fleire døme på godt samarbeid med HelseINN i delprosjekt og deltaking av kommunalt tilsette på gode kurs, der deltakinga er dekt av kontingenoten. Men



HelseINN tilbyr prosessleiring i utviklings- og innovasjonsprosjekt. Her arbeider kommunetilsette og ambulansearbeidarar med tiltak for meir samhandling

det er potensial for at kommunane gjer seg enda meir nytte av HelseINN og nettverket deira.

Samarbeid med NTNU var viktig ved etableringa av UR. Den opphavelige samarbeidsavtala inngått i 2019 vart ikkje forlenga i 2020. I 2022 har det vore prosess med NTNU med ønskje frå vår side om ei ny avtale. NTNU føreset at avtala skal vere konkret på kva område det skal samarbeidast om, ikkje vere ei overordna avtale. Dialogen med NTNU blir vidareført i 2023 med forankring i styringsgruppa.

Ut på tur

Det er alltid noko å ta med seg heim att etter besøk utanfor regionen. Kommunane kan nok med fordel hente fleire impulsar gjennom besøk utanfor regionen. Prosjektleiar har i løpet av 2022 vore tilretteleggjar for fleire studieturar. I mai vitja kommunedirektørar og

kommunalsjefar Trondheim kommune og NTNU, og møtte mellom andre kommunedirektøren, prorektor for innovasjon og prosjektleiar for kommunen si innovasjonssatsing Trondheim 3.0. I juni tok 6K Helse turen til Gjøvik der vi møtte leiinga ved Institutt for helsevitenskap og HelseINN med omvising begge stadene. I september deltok ein delegasjon frå helsesektoren i Nord-Gudbrandsdal på ope dag ved Park Hamar der vi møtte leverandørar av VR-, spill- og sensorteknologi. Attendumdingane frå deltakarane på dei tre studieturane var gode.

Nokre øme på einskildprosjekt i UR:

I 2022 vart Lom kommune med i GNIST-programmet i regi av Design og arkitektur Norge (DOGA). I samarbeid med eksterne fagmiljø har kommunen utvikla prinsippkisser for utvikling av området Kulihaugen vest for Fossbergom til bustader. Sluttrapporten frå prosjektet kom i september og inneheld løysingsforslag og fakta som er relevant óg for andre kommunar.

I masterprogrammet ved Institutt for arkitektur og planlegging blir det årleg gjennomført eit studieemne i stadutvikling – Planbussen – der studentane samarbeider med distriktskommunar om løysingar for stadutvikling i kommunenesenteret. Etter feltstudier og dialog med kommunen, lokalt næringsliv og innbyggjarar, utviklar studentane skisser som blir lagt fram for kommunane. I 2022 vart Skjåk og Dovre plukka ut som samarbeidskommunar. Prosjektet blir gjennomført i vårsemesteret 2023 med Bismo og Dovre sentrum som studentoppgåver.

Sel kommune har fått prosjektmiddel frå Statsforvaltaren til etablering av ein innovasjonsverkstad for helsetenester knytt til NGLMS. Verkstaden, som skal vere ein møteplass for alle 6 kommunane, blir utvikla etter modell frå liknande etableringar i Elverum



Bruken av droner aukar kraftig innan t.d. landbruket, byggenæringa, transportsektoren og beredskapsetatane. Foto: NCC

og Gjøvik der HelseINN har vore drivkrafa. HelseINN er óg sentral i vårt arbeid. I tillegg deltek Sykehuset Innlandet og 6K Helse. Målsettinga er at verkstaden skal vere klar til bruk 1. halvår 2023.

Nedgangen i talet på barn og ungdom set det organiserte fritidstilbodet under press. Færre deltakarar utfordrar rekrutteringa til idretten og kulturtilbodet. Færre barn og ungdommar reduserer òg tilgangen på frivillige. I samarbeid med Innlandet idrettskrets og Innlandet fylkeskommune ønsker vi å utforske korleis vi skal organisere tilboda i ei framtid med færre deltakarar i fritidstilboda slik at breidda og kvaliteten kan oppretthaldast. Det er starta eit forstudie – Styrka frivilligkeit - i samarbeid med idrettslaga og idrettsråda i Sel og Vågå. Dei to kommunane deltek óg i arbeidet.

Droneteknologien har gjort kvantesprang dei seinare åra, og bruksområda er etter kvart mange. Vår region ønsker å ta del i denne utviklinga: Da krevst det at det blir bygd kompetanse og fagmiljø i regionen. I 2022 er det gjort ei kartlegging av bruken i regionen, eksterne kompetansemiljø og nasjonalt regelverk. Dialogen med Innlandet droneberedskap, eigd av Røde kors i Lom/Bøverdalen og Vågå, har vore til stor nytte. I 2023 vil vi arbeide vidare med utgreiing av eit eige kompetanseprogram for dronepilotar.

I samarbeid med omstillingsprogrammet i Sel – Styrk Sel – er det tatt initiativ til etablering av internships. Det vil seie kortvarige tilsettingar av studentar på sommarstid, med formål å gjere definerte utreiings- og utviklingsoppgåver. Studentane har oppdatert fagkunnskap som kan vere verdifull for næringslivet og kommunane. Internships vil også kunne knyte arbeidsgjevaren opp mot utdanningsinstitusjonane, og på den måten styrke moglegheitene for rekruttering av nye medarbeidarar. Har studentane gode opplevingar på jobb og fritid, vil dei bli gode ambassadørar for vår region.

I 2022 prøvde vi ut ordninga, og den blir vidareført i 2023 med mål om å få til avtaler i Sel og dei andre kommunane.

Lom kommune har i samarbeid med SINTEF gjennomført eit forprosjekt om det framtidige bu- og tenestetilbodet for eldre i kommunen. Prosjektet er finansiert av Regionalt forskingsfond Innlandet. I samarbeid med SINTEF ser kommunen på korleis lokalt næringsliv og frivillige ressursar saman med kommunen kan styrke aktivitetstilbodet for eldre for å forebygge funksjonstap og redusere behovet for kommunale tenester.

Forprosjektet er avslutta i 2022 og kommunen skal i 1. halvår 2023 avklare oppfølging av resultata.

2.3. Smart velferdsregion

Bakgrunn

Fokusområde for Smart velferdsregion Nord-Gudbrandsdal har i 2022 vore digital helsekompetanse, barn, unge og vaksne med medfødt eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar og digital heimeoppfølging i tråd med satsingane i det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Programmet sin eigar er Helse- og omsorgsdepartementet. Helsedirektoratet, KS og Direktoratet for e-helse har fått ansvaret for å fylgje opp programmet, overfor kommunane.

Mål og tiltak i prosjektet

Nasjonalt velferdsteknologiprogram har ei overordna målsetning om at velferdsteknologi skal vere ein integrert del av helse- og omsorgstenestene.

Det føreset at kommunen har velferds-teknologi tilgjengeleg som ein del av teneste-tilbodet.

Det inneber blant anna at velferdsteknologi må vurderast på lik linje med andre tenester ved vurdering og tildeling av tenester.

Hovudmålet for Smart velferdsregion Nord-Gudbrandsdal er:


Innbyggjarane i Nord-Gudbrandsdalen skal uavhengig av alder, funksjonsevne eller bustad kunne ta i mot etablerte velferdsteknologi-

tenester, der tiltaket er vurdert som eit bidrag til auka sjølvstendigkeit, meistring og tryggleik.

Velferdsteknologi handlar om å kunne gi personar med hjelpebehov betre livskvalitet, økt tryggleik og større moglegheit til å kunne klara seg sjølv.

Gjennom forsking har ein fått dokumentert at mange brukarar som har velferdsteknologi som ein del av eit heilskapleg tilbod, opplev auka livskvalitet og eiga meistring. Vi har ei aldrande befolkning og nedgang i antal yrkesaktive pr. pensjonist. Da må vi arbeide for å kunne løyse ei tyngre omsorgsoppgåve på færre hender. Gjennom dokumentasjon i nasjonalt velferdsteknologi-program ser ein at bruken av velferdsteknologi kan medverke til å redusere ressursbruken og dermed auke omsorgskapasiteten. Det krev omstilling i tråd med NOU 2023/4.





Prosjektet Smart velferdsregion

Nord-Gudbrandsdal skal:

- vere ein pådrivar for auka samarbeid og regional samordning av satsingar innanfor velferdsteknologi
- vere eit bidrag til samordning av pågåande tiltak og prosjekt
- sørge for at velferdsteknologi blir ein integrert del av tenestetilbodet
- vere eit bidrag til bygging av kompetanse og kartlegging av behov innanfor velferdsteknologi
- auke samarbeidet med friviljuge organisasjonar/pårørande/akademia

Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen skal gjennomføre «Smart velferdsregion»-prosjektet både i fellesskap, og kvar for seg gjennom ein felles framdriftsplan.

Dette vil også vere ramma for arbeidet vårt framover for å nå måla i prosjektet.

Dette er satsingsområda framover:

- Digital helsekompetanse/kompetanse

Digital helsekompetanse refererer til evne til å søke etter informasjon digitalt, til generelle digitale ferdigheter, og korleis innbyggjarane og tilsette er førebudde på å ta i bruk digitale helsetenester. Ved å auke den digital helsekompetansa vil vi kunne ta ut potensialet for effektivisering, kvalitet og samhandling for heilskaplege tenester på fleire områder, og spesielt innanfor helse- og omsorgssektoren. Vi vil i prosjektet «Samhandling for økt digital helsekompetanse» sette inn tiltak for å auke den digital helsekompetanse i regionen. Det er ei forutsetning for å lykkast med innføring av velferdsteknologi og andre digitaliseringstiltak for ein effektiv og god helse- og omsorgssektor

I 2022 var det fleire tilsette som fullførte kurs i Velferdsteknologiens ABC, og etterutdanning i demens og alderspsykiatri som ein del av kompetansetiltaka i Smart Velferdsregion Nord-Gudbrandsdal.

- Barn, unge og vaksne med medfødt eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar

Vi ønskjer med denne satsinga å kunne vidareutvikle eit betre tenestetilbod til barn, unge og vaksne med medfødt eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar. Vi har kartlagt behovet i regionen for ei satsing innanfor dette området og ser at det er eit behov for medveten satsing, særleg innan barn og unge. Det må arbeidast offensivt og målretta for at alle skal bli inkludert i samfunnet. Det krev at ein arbeider på tvers av sektorar og fag for heilskaplege tenestetilbod.

Forsking viser at implementering av velferdsteknologi til barn og unge med nedsett funksjonsevne gjev gevinstar i form av auka meistring, sjølvstendigkeit og normalisering, samt avlastning av føresette. Velferdsteknologi bidreg også til at barn, unge og vaksne med funksjonsnedsettingar er aktive deltagarar i eit digitalt samfunn.

- Digital heimeoppfølging

Region Nord-Gudbrandsdal er verstsregion for dette prosjektet på vegne av 18 kommunar. Helsedirektoratet tildelte tilskot til eit prosjekt pr. helseregion, og vi er stolte over at det var vårt prosjekt som fekk tildelinga. Dei tre regionane er dei regionane i Innlandet med lågast aldersbereevne. Regionane er kjenneteikna av spedit busetting, store avstandar og sårbare kompetansemiljø innanfor helse og omsorg. Dette skjer samtidig som antal kronisk sjuke og eldre aukar.

Formålet med helseregionsamarbeidet og innføringsprosjektet er å sikre ein berekraftig helseteneste og styrke kvaliteten på helse- og omsorgstenestene for kronisk sjuke gjennom innføring av

digital heimeoppfølging. Målgruppa er pasientar med kols, hjarte/kar sjukdommar, mild/moderat demens og psykisk sjuke.

Gjennom prosjektet skal ein mogleggjere tilstrekkeleg deltaking frå fastleggar, samt sjå innføringa av digital heimeoppfølging i eit større regionalt samhandlingsbilde der spesialisthelsetenesta har ei stor rolle.

Gjennom prosjektet er målet at menneske med kronisk sjukdom skal kunne bu og fungere sjølvstendig i egen heim, samtidig som ein skal forebygge funksjonsfall, forverring og behov for re-innleggningar. Menneske med kroniske sjukdomar skal oppleve betre livskvalitet og få meir innsikt i eigen helse og sjukdom. Eit mål i prosjektet er også at ein skal skape heilskaplege og kostnadseffektive pasientforløp, og dermed berekraftige helse- og omsorgstenester. Ved innføring av digital heimeoppfølging til målgruppa, vil ein oppdage overføringsverdi og utviding til andre brukargrupper.

Vi er ein av dei tre regionane i Innlandet med lågast aldersbereevne. Det blir færre yrkesaktive pr. pensjonist. Det krev at vi omstiller måten vi arbeider på slik at vi greier å oppretthalde omsorgskapasiteten framover. Da er det viktig at vi arbeider strategisk og målretta med det. Det er utført mykje godt arbeid lokalt i prosjektet i 2022. Vi gjekk inn i året med ein pandemisituasjon som har utfordra framdrifta i prosjektet. Vi vil takke alle i det nasjonale nettverket for godt samarbeid og viktig erfaring og kompetansedeling gjennom året.



2.4. Flaumrespons


Flaumrespons er eit forskningsprosjekt som har som mål å utvikle nye løysingar for varsling av flaum på lokalt nivå, på eit tidleg stadium. Dette er eit før-kommersielt anskaffingsprosjekt, finansiert av Norges Forskningsråd, og Skåppå AS er innleigd prosjektleiar.

Hausten 2020 vart 4 av 13 leverandørar vald ut til å skissere sine løysingar på utfordringa vår. Gjennom ei skisefase, utviklingsfase og piloteringsfase, skal vi vurdere kva slags løysingar som best svarar på vårt problem, og som derfor skal få støtte til å utvikle sitt forslag. Ved årsskifte 2022-23 skal dei to beste løysingane etter planen vere utvikla og testa, og klart for eventuelt kjøp av kommunane.

I 2020 gjennomførte vi ein omfattande anbudsprosess med marknadsdialog, intervju med leverandørar og vurdering av tilbod. Nå

har vi ferdigstilt både skisefasa og utviklingsfase, og er i gang med tredje og siste del av prosjektet, testfase. Fire leverandørar har blitt til to. Fram til desember 2022 skal dei teste og ferdigstille sine løysingar. Da skal det vere klart for at kommunane kan kjøpe løysinga, som skal forenkle og effektiviserer det førebyggande flomarbeidet i kommunane i regionen.

For meir informasjon, sjå www.flomrespons.no.



2.5 Gudbrandsdalstinget



Om Gudbrandsdalstinget

Gudbrandsdalstinget består av politisk valgte representanter for kommunene Dovre, Gausdal, Lesja, Lillehammer, Lom, Nord-Fron, Ringebu, Sel, Skjåk, Sør-Fron, Vågå, Øyer og fylkeskommunen. Statsforvalter har møte- og talerett. Det samme gjelder kommunenes kommunedirektører og fylkeskommunedirektør. Gudbrandsdalstinget finner sted to ganger i året: om våren og om høsten. Arbeidsutvalget har ansvaret for å forberede saker til møtene.

Gudbrandsdalen 2030

Arbeidet i Gudbrandsdalstinget i 2022 har i stor grad dreid seg om arbeid med prosjekt Gudbrandsdalen 2030. Prosjektet har preget dagsorden for Gudbrandsdalstingets møter i mars og i november, og har også vært tema i alle arbeidsutvalgets møter. Mellom møtene har prosjektleder fra Skåppå jobbet videre ut fra oppdraget og signaler fra Gudbrandsdalstinget og arbeidsutvalget.

Januar 2022

Søknad om skjønnsmidler fra Statsforvalter

Februar – mars 2022

Forankring av prosjektet i alle 12 kommuner.

Gudbrandsdalsting med framtidsverksted og informasjon om tildeling av skjønnsmidler og anbudsprosess for prosjektledelse.

Juni 2022

Prosjektstart: Oppstartsmøte med deltagelse fra Arbeidsutvalget i Gudbrandsdalstinget og Skåppå AS.

August–oktober 2022

Innsikt og analyse: Nåsituasjonsanalyse, gjennomgang av offentlige dokumenter og relevant statistikk, intervjuer med komuneledelsen i de 12 kommuner i Gudbrandsdalen, spørreundersøkelse rettet mot næringslivet, involvering og forankring.

November 2022

Gudbrandsdalsting med inspirasjonstur til Kongsvinger-regionen og første arbeidsverksted 9.-10. november 2022

Strategiprosess for å utarbeide handlingsplan for grønn omstilling i Gudbrandsdalen.

Gudbrandsdalstinget Kulturhuset Banken og Lillehammer Rådhus 24.-25. mars 2022

Leder for Gudbrandsdalstinget Ingunn Trosholmen ledet møte. Dag 1 i Kulturhuset Banken besto av et framtidssverksted / utopiverksted ledet av professor Ove D. Jakobsen, samt besøk på Maihaugen og utstillingen «Impulser».

Saker til behandling:

- Status masterplanarbeid for felles reiselivssatsing i Gudbrandsdalen – orienteringssak.
Ole Erik Bjørnstadhaugen Reiselivssjef for Nasjonalparkriket reiseliv informerer om status på vegne av Visit Lillehammer,
Nasjonalparkriket og Visit Jotunheimen.
- Status Gudbrandsdalen 2030
Leder for Gudbrandsdalstinget Ingunn Trosholmen ga en orientering.
Søknad om skjønnsmidler til Statsforvalteren i Innlandet er innvilget. Det blir sendt ut anbud på prosjektet fredag 25. mars
Årsmelding og regnskap for 2020 behandlet og vedtatt.

Det ble gitt uttalelser om følgende:

- Gudbrandsdalstinget om Innlandet fylkeskommune
- Gudbrandsdalstinget om den russiske invasjonen av Ukraina.
- Gudbrandsdalstinget forventer kraftfulle tiltak for landbruket nå

Gudbrandsdalstinget Kongsvinger**9-10. november 2022**

Leder for Gudbrandsdalstinget Ingunn Trosholmen ledet møte.

Møtet besto av en formell del med behandling
av saker, samt en studietur med besøk på Glomasvingen skole og omvisning på møbelfabrikken The Plus, samt orienteringer
og arbeidsverksted i forbindelse med Gudbrandsdalen 2030 på Høgskolesenteret i Kongsvinger.

Saker til behandling

Valg av leder og nestleder

- Ingunn Trosholmen (leder)
- Anette Musdalslien (nestleder), leder av Interkommunalt politisk råd Lillehammer

Etter valget besto arbeidsutvalget av følgende personer:

- Ingunn Trosholmen (leder)
- Anette Musdalslien (nestleder), leder av Interkommunalt politisk råd Lillehammer
- Bjarne Eiolf Holø leder av Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal
- Ole Tvete Muriteigen leder av Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal

Valgkomiteen besto av Bjarne Eiolf Holø, Anette Musdalslien og Ole Tvete Muriteigen. Anette Musdalslien deltok ikke i diskusjonen om nestledervervet. Bjarne Eiolf Holø la fram valgkomiteens innstilling om gjenvang av leder og nestleder.

Vedtak:

- Ingunn Trosholmen gjenvelges som leder av Gudbrandsdalstinget
- Anette Musdalslien gjenvelges som nestleder

Det ble gitt uttalelser om følgende:

- Tretten bru
- Akuttberedskapen i Gudbrandsdalen

Arbeidsutvalget:

Det ble avholdt 6 møter

i arbeidsutvalget 2022:

08.feb, 16. mars, 27. april, 23. juni,
13. sept, 02.nov.

Av mandatet for Gudbrandsdalstinget (vedtatt i 2018), framgår det at de tre regionkontorene for hhv. Nord-Gudbrandsdal, Midt-Gudbrandsdal og Lillehammer-regionen til sammen utgjør sekretariatet for Gudbrandsdalstinget.

Ansvaret for sekretariatsarbeidet rulleres mellom regionrådene med ett års varighet.

Rulleringen har vært/er som følger:

- Nord-Gudbrandsdal (2020)
- Lillehammerregionen (2021)
- Midt-Gudbrandsdal (2022)
- Nord-Gudbrandsdal (2023)

Økonomi:

For 2022 ble det bevilget kr. 150.000 fra hvert av de tre regionrådene/de interkommunale politiske rådene.

Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal har hatt sekretariatsansvaret i 2022 og har forskuttet kostnader i forbindelse med Gudbrandsdals-tinget. Lillehammer kommune har hatt ansvaret for prosjektet Gudbrandsdalen 2030

Regnskapet for 2022 viser kostnader på kr. 288.000 kr som gir en kostnadsfordeling på kr. 96.000 på hver av de tre regionrådene/de interkommunale politiske rådene.

*For Sekretariatet for
Gudbrandsdalstinget 2022,*

Irene Teige Killi

2.6. Oppfølging av Hurdalsplattformen

Bygdevekstavtaler

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) liste i juni ut det tillyste programmet med bygdevekstavtaler. Regjeringa vil prøve ut eit nytt distriktpolitisk verkemiddel. Bygdevekstavtaler skal mellom anna bidra til samordning av verkemiddel og aktørar innanfor eksisterande økonomiske rammer. Kommunar i sentralitetsklasse 6 kunne søke, eventuelt saman med nabokommunar i klasse 4 og 5. Samla ramme for programmet var 10 mill og 5 prosjekt kunne få inntil 2 mill kvar til eit 1-årig forprosjekt (fase 1) der ein skulle konkretisere tiltak ein ønsker å prøve ut i fase 2 hausten 2023. KDD ville velje ut prosjekt frå 2 fylker der det eine skulle vere Finnmark.

Regionstyret valde å utarbeide ein søknad som omfatta alle 6 kommunane med Lom som søkjarkommune og regionkontoret som sekretariat. Det vart etablert ei arbeidsgruppe samansett av tilsette i Lom, Dovre og Lesja, og med observatørar frå Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet.

I søknaden la ein vekt på følgjande tema som alle er omtala i Hurdal-plattforma:

1. Utvikle ein kommunal og regional bustadpolitikk for å styrke rekruttering og bu-attraktivitet.
2. Utvikle nye modellar for desentralisert, fleksibel utdanning.
3. Samordne næringsutviklingsarbeidet mellom kommunane og forvaltningsnivå i samarbeid med universitets- og høgskulesektoren og verkemiddel-aktørane.

Det kom inn rundt 30 søknader som inkluderte om lag 80 kommunar. Vi var einaste søkeren frå Innlandet. KDD valde å prioritere 2 prosjekt i Trøndelag og 3 prosjekt i Finnmark. I samband med statsbudsjettet for 2023 varsla regjeringa ein ny utlysingsrunde der ramma blir auka til 25 mill.

Desentralisert sjukepleiarutdanning

Regjeringa vil sette inn tiltak for å auke tilgangen på sjukepleiarar i særleg rekrutteringssvake distriktskommunar. Med dette bakteppet har vi arbeidd for å rigge eit desentralisert sjukepleiarstudium i Nord-Gudbrandsdalen med adressestytt opptak av studentar. Ei kartlegging viser at våre kommunar har behov for 140 nyttilsettingar fram mot 2030. Det har vist seg vanskeleg å få ønska framdrift i arbeidet. Det manglar praksisplassar i spesialisthelsetenesta og nok rettleirkapasitet i kommunane. I tillegg meiner NTNU at det ordinære studietilbodet på Gjøvik har stor fleksibilitet og difor ikkje treng desentraliserte tilbod. Vi er usamde i dette. Skal ein nå målet om fleire sjukepleiarar må det etablerast fleire desentraliserte tilbod. Dessutan viser erfaringar frå både Nord-Gudbrandsdalen og andre distriktsregionar at studentar som tek utdanninga desentralisert, i større grad blir buande i regionen. Det blir difor arbeidd vidare med sikte på å starte eit desentralisert sjukepleiarstudium hausten 2024. Vi må forvente støtte frå regjering og storting i dette arbeidet.

2.7. Økonomisk støtte til kultur- og naturbasert næringsutvikling 2022

Arrangør	Arrangement	Beløp
Jørundgård Middelaldersenter	Dansefestivalen 2022	50 000
Ottaløpet	Ottaløpet 2022	10 000
Otta handels- og næringsforening	Ottamartnan og julebyen Otta	30 000
Otta Motorfestival	Otta Motorfestival 2022	40 000
Fjelleventyret	CampUT 2022	40 000
Jon Ole Olstad	Dancing in the Wild	30 000
Diktardagar	Diktardagar 2022	30 000
Norsk Fjellmuseums venner (Norsk fjellsenter)	Lom skifestival 2022	30 000
Vågå Folkemusikkarrangement AS	Landsfestivalen 2022	50 000
Kulturcompaniet	Traktorrock 2022	40 000
Lom Idrettslag	Jotunheimen Ultimate Challenge 2022	35 000
Lesja og Lesjaskog bondelag	Landbruksmesse 2022	30 000
Sel Teaterlag	Kristinspelet 2022	40 000
Rainy Day Productions	"Otta Ghost Tours"	10 000
Bjorli og Rånå grendeutvalg	LailaLåmi 2022	20 000
Markens Grøde	Markens Grøde 2022	30 000
Company B.Valiente	Forprosjekt "RE-CONNECT før og nå 2023	35 000
Senter for bygdekultur, Hjerleid	Hjerleidutstillingen 2022	30 000
Maren Myrvold	Ullinsvinkonsertane 2022	10 000

3. Kommunikasjon og infrastruktur

3.1. Nasjonal Transportplan 2025-2036 - Transportutfordringar i Innlandet

Regeringa har starta arbeidet med rullering av Nasjonal Transportplan 2025 – 2036. Nasjonal Transportplan (NTP) er eit sentralt dokument for utvikling av transporttilbodet i Norge. Innlandet fylkeskommune tek sikte på å vere ein aktiv deltakar i prosessen, og inviterte til innspel fra regionar, veg- og jernbanefora m.v. om dei viktigaste transportutfordringane i Innlandet fram mot 2025-2036.

Regionstyret for Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal gjorde 18.11.22 slikt vedtak til uttale:

"Hvilke samfunnsmål er det viktig at et bedret transporttilbud i Innlandet bidrar til å løse?

Vi meiner at eit viktig samfunnsmål må vera å knytte sør-nord og øst-vest saman på ein sikker og effektiv måte, herunder god kommunikasjon mellom regionane i Innlandet.

Regeringas politikk er at det skal være opp til styret i Nye Veier å prioritere innanfor tildelt portefølje og budsjetttramme. Nye Veier har et mandat der kost/nytte-vurderingar er styrande for prioriteringane. I praksis betyr dette at E6 og E136 som viktige ferdsselsårer får svært hard konkurranse om å bli prioritert. Fullføring av Stortingets vedtak (lovnad) fra januar 2013 (stortingsproposisjon 51S) om samanhengande utbygging Ringebu-Otta. Prosjektet Ringebu-Otta må tas inn att i NTP.

Vidare må det vera eit viktig samfunnsmål å betre kommunikasjonen og sikkerheita, øst-vest på R15 og oppretthalde god kvalitet på fylkesvegnettet.

Gode kollektivtilbod er avgjerande for å fylle målet om tilrettelagte løysingar for gode og sømlause reiser innad i Innlandet og på tvers av fylkes- og landegrenser. Det må legges opp til enkle og sømløse overgangar mellom ulike transportformer slik som buss og tog.

Vi er bekymra for at en dreiling av ressursar mot byane og bynære strøk vil virke sentralisering og gje større sosiale forskjellar for spesielt barn, unge og eldre.

Pasienttransporten til og frå sjukehus blir også ei større utfordring og ressurskrevjande med eit snevert transporttilbud. Flex- og bestillingstransport vil vera viktig for å

oppretthalde mest mogleg like kollektivtilbod i landet.

Vi forventar at statens- og fylkeskommunens samfunnsoppdrag for god inkludering blir tatt omsyn til. Dersom busstilbodet i distrikta kun skal vera skuleskyss vil mange barn og unge bli ekskludert frå fritidsaktivitetar og mistar moglegheita for ettermiddags- og kveldsjobbar. Endra demografi med kraftig økning i innbyggere over 70 år, må få utslag i prioritering av fleksible kollektivtilbod, spesielt i tynt befolka områder.

Det er viktig at fylkeskommunen får tildelt ressursar til å prioritere lokalliner, fleksible kollektivløysingar og bestillingstransport, at regionliner har ordinært rutetilbod heilagdagar før kvardag, og at fjellruter og sesongruter blir behalde.

Mest mogleg gods og persontrafikk på bane er eit viktig mål. Ambisjonen om dobbeltspor fram til Lillehammer (Intercity) ikkje må fråvikast. Planlegging og utbygging av ytre Intercity må vidareførast og prioriterast for å nå klimamålet for Innlandet fylke som skal redusere utsleppet med 50 % innan 2030, og at eiga verksemد skal vera fossilfri frå 2025.

Det er viktig at NTP held fast ved ambisjonen om økt kapasitet og hastigkeit på jernbane heilt fram til Lillehammer. Utbygging av ytre Intercity er ein føresetnad for økt frekvens og reisetidsforbedringer for både regiontog og fjerntog, samt meir gods fra veg til jernbane. I tillegg til fullføring av IC fram til og med Hamar må det i planperioden minimum gjennomføres

utbygging av dobbeltsporstrekkninger mellom Brumunddal og Lillehammer.

Hvilke nasjonale og regionale transportutfordringer, uavhengig av transportform, mener dere er de viktigste for Innlandet inn mot planperioden 2025 – 2036?

Vi meiner at eit viktig samfunnsmål må vera å knytte sør-nord og øst-vest saman på ein sikker og effektiv måte. Vidare må ein sikre god kommunikasjon mellom regionane i Innlandet, eksempelvis forbindelsene Nord-Gudbrandsdal – Nord-Østerdalen og Nord-Gudbrandsdalen/Valdres

Mest mogleg trafikk av gods og personell på bane. Ambisjonen om dobbeltspor fram til Lillehammer (Intercity) må ikkje fråvikast. Planlegging og utbygging av ytre Intercity, samt elektrifisering av Raumabanen, må vidareførast og prioriterast for å nå klimamålet for Innlandet fylke som skal redusere utsleppet med 50 % innan 2030, og at eiga verksemد skal vera fossilfri frå 2025. Viare må det etablerast ei planfri kryssing i forhold til jernbanesporene på Otta stasjon.

Behovet for/nødvendigheitene av omkjørings-/beredskapsveger langs riksvegnettet (jfr. E6 Rosten og strekningar på RV 15 i Ottadalen).

Store delar av Innlandet har lang veg til flyplass. Viktig å berede grunnen for å ta i bruk ny luftfartsteknologi. Elektrifisering gjev nye moglegheiter for styring av framdrifts- og propellløysingar, samanlikna med konvensjonell motorteknologi. For strekningar på 10 til 30 mil er det forventa at alt innan tre fire år har vi flytypar som kan fly horisontalt som et vanlig fly, kombinert med vertikale avgangs- og landingsløysingar. Det siste eliminerer behovet for dagens flyplassløysingar, samtidig som levere støynivå kan påverke kvar opp-/nedstigningsplassar kan lokaliseras. Vidare må ein legge til rette for kommersiell og samfunnsnyttig bruk av droner.

Det er ei absolutt nødvendigheit at regjeringen prioriterar viktige ferdelsårer når dei tildeler Nye Veier og SVV økonomiske rammer. Det er eit krav frå Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdalen at E6 Ringebu-Otta ferdigstillast, E6 Rosten vert høgt prioritert med tanke på omkjøringsmoglegheiter og beredskapsutfordringar, og at E136 (Eksportvegen) vert breidda og utbetra. Nye tunnelar RV15 Skjåk-Stryn, og strekningsvis utbetringer på RV15 i Skjåk, Lom, Vågå og Sel."

3.2. Luftfart

Om flyplass – utdrag av rapport v/ Rudihagen AS, februar 2022:

"Nord-Gudbrandsdal er den regionen i landet med størst avstand til nærmeste fast trafikkerte flyplass. Dette gjør at reisetid til/fra viktige destinasjoner i dag er lang. Flyforbindelser til utvalgte destinasjoner vil redusere reisetiden, være positivt for besøksnæringene, næringslivet generelt og den enkelte innbygger, og bidra til positiv utvikling i regionen.

Det har vært krevende å få etablert en flyplass og ønskede flyforbindelser. Høye investerings- og faste driftskostnader, målt opp mot sannsynlig trafikkvolum, virker å være hovedårsaken.

Hypotesen ved oppstart av arbeidets fase 1 er at elektrifisering av luftfarten kunne styrke forholdet mellom kostnad og nytte på en måte som gjør etablering av flyplass, og flyforbindelser inn og ut av regionen, mer realistisk enn tidligere.

Et viktig spørsmål er om overgangen til elfly vil redusere kravene til en flyplass, og styrke forholdet mellom trafikkgrunnlag og investeringsbehov. Det innledende arbeidet gir ikke indikasjon på det. Rullebanelengde og infrastrukturbehov rundt en flyplass som skal inngå i et kortbanenett antas ikke å redusere som følge av overgang fra bensin til elektrisitet som energikilde på ellers «vanlige» fly.¹

Tidshorisont for etablering av flyplass

Realisering av en flyplass i regionen krever at en flyplassinvestering prioriteres i framtidige Nasjonale Transportplaner (NTP). En politisk prioritering, og en bestilling fra Samferdselsdepartementet, er også nødvendig før Avinor iverksetter arbeid og prioriterer ressurser på etablering av en ny flyplass i regionen.

Prioritering i NTP krever et langsiktig og strukturert politisk arbeid. Erfaringsmessig er det også vanskelig å lykkes uten fakta og utredninger som understøtter behov og samfunnsmessig hensiktsmessighet.

For å komme videre i flyplassarbeidet kreves derfor grundigere trafikkgrunnlagsanalyser enn

en har i dag, teknisk/operative analyser av mulige lokasjoner for å vite at en har minst ett gjennomførbart alternativ, samt økonomiske analyser av investeringsbehov og samfunnsøkonomisk lønnsomhet. Det er gjort en del vurderinger rund Tolstadåsen, men også om en ønsker å gå videre med Tolstadåsen som eneste alternativ mangler en god del analyser.

Markedets behov og markedsgrunnlaget i Gudbrandsdalen

Konvensjonelle løsninger med tradisjonelle flyplasser og tradisjonell type fly, om enn elektrifisert, innebærer store grunninvesteringer og grunnkostnader uavhengig av trafikkgrunnlaget.

En flyplass med investeringskostnad 2 milliarder kroner, som nok ikke er urealistisk, vil med et trafikkgrunnlag på 40 000 per år ha en investeringskostnad på 50 000 kroner per passasjer per år. I et nåverdiperspektiv vil investeringen alene utgjøre et par tusen kroner per reise. I tillegg kommer drift av flyplassen, og drift av flyrutene.

Widerøes minste fly er i dag på 36 seter. Widerøe anser konvensjonelle flyganger ikke kommersielt bærekraftige med fly fra 40 seter og oppover. Per nå er det også krav om to piloter på kommersielle fly over 9 passasjerer.

Hovedutfordringen er at drift av flyplassløsninger, og andre faste kostnader knyttet til flyoperasjon i konvensjonell form, er høy. Selv om kostnadsstrukturen endres noe ved elektrifisering og annen teknologiutvikling, anser Widerøe det lite realistisk med kommersielle fly med lavere kapasitet i

¹ Egne vurderinger, samt basert på møter med Avinor og Widerøe.

framtiden, forutsatt avhengighet av flyplasser slik som i dag.

Alternativ veg til målet

Elektrifisering og nullutslipp innen luftfarten antas å bli oppnådd gjennom flere typer utviklingsløp. På korte distanser vil ren elektrifisering av flyene være løsningen. På lengre distanser antas elektrisitet å måtte kompletteres eller erstattes med hydrogen, ammoniakk eller andre lignende energibærere, for å oppnå tilstrekkelig lav vekt og rekkevidde.²

Elektrifisering gir for øvrig en nye muligheter for styring av framdrifts- og propelløsninger, sammenlignet med konvensjonell motorteknologi. For strekninger på 10 til 30 mil forventes allerede innen fire år flytyper som kan fly horisontalt som et vanlig fly, kombinert med vertikale avgangs- og landingsløsninger. Det siste eliminerer behovet for dagens flyplassløsninger, samtidig som lavere støynivå kan påvirke hvor opp-/nedstigningsplasser kan lokaliseres. En ulempe er at slike – i alle fall i tidlig fase – fly vil ha lavere marsjhastighet enn konvensjonelle fly.

I første omgang, dvs. rundt 2026, antas overnevnte type fly å kunne frakte seks passasjerer cirka ti mil, gitt dagens batteriteknologi. Få år etter forventes løsninger for lengre distanser og flere passasjerer å være tilgjengelig for kommersiell bruk.

Embraer, verdens tredje største sivile flyprodusent³, virker per nå ledende innenfor utvikling av overnevnte flyteknologi og flytype.⁴ Det er ikke usannsynlig at det innen ti års tid er tilgjengelig flytyper med ti seter eller mer, som kan benyttes på strekninger mellom Nord-Gudbrandsdal, Oslo, Trondheim og nordvestlandet. Widerøe anser slik teknologi å gi nye mobilitetsmuligheter på strekninger som til nå ikke har vært aktuelle for kommersiell luftfart. En kostnadsstruktur med langt lavere faste kostnader, en teknologi som reduserer

egne driftskostnader, samt uavhengighet av tradisjonelle flyplasser, antas å bidra til dette.

Reduksjon av faste kostnader antas å gjøre det kommersielt mulig å operere enheter med langt lavere setetal opp i dag, samt å etablere mer fleksible ruteløsninger.

